



SANDE KOMMUNE
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

STØYLEN SERVICE AS

6087 KVAMSØY

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/1217	495/2018	L12	STABS / TCK	29.01.2018

**MELDING OM VEDTAK
REGULERINGPLAN KALSNESSTRANDA, KVAMSØY. FRAMLEGG TIL
REGULERINGSPLAN**

Vi melder med dette frå at Sande formannskap den 23. januar 2018, hadde føre ovannemnde som sak F-5/18, der det vart gjort slikt vedtak:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplanen for Kalsnesstranda M=1.1000 dat.09.10.2017 m/føresegner dat.12.12.2017.

Framlegg til reguleringsplan m/føresegner og planomtale m/vedlegg vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova

Saksutgreiinga ligg ved til orientering.

Rett utskrift
Sande Servicekontor

Tove Cathrine Kvamme
konsulent

Kopi til:
Frank Strandebø Kylnehaugen 27 6065 Ulsteinvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2016/1217-55/2018
Arkiv: L12

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
5/18	Formannskapet	23.01.2018

Saka gjeld:

REGULERINGPLAN KALSNESSTRANDA , KVAMSØY FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN

Tilråding:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplanen for Kalsnesstranda M=1.1000 dat.09.10.2017 m/føresegner dat.12.12.2017.

Framlegg til reguleringsplan m/føresegner og planomtale m/vedlegg vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

Sande formannskap godkjenner den framlagde reguleringsplanen for Kalsnesstranda M=1.1000 dat.09.10.2017 m/føresegner dat.12.12.2017.

Framlegg til reguleringsplan m/føresegner og planomtale m/vedlegg vert utlagt til offentlig ettersyn og sendt til berørte instansar til uttale i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova

Rett utskrift

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSAVDELINGA, 29. januar 2018

Tove Cathrine Kvamme
Politisk sekretær

Særutskrift: Støylen Service AS
Frank Strandebø

Vedlegg:

1. Framlegg til reguleringsplan M=1:1000 dat.09.10.2017
2. Reguleringsføresegner dat.12.12.2017
3. Planomtale dat.14.12.2017 m/mottekne merknader og rapportar vedr.skredfare og Arkeologisk registrering.
4. Utskrift av vedtak i Sande formannskap dat.17.1.2017
5. Referat frå oppstartmøte dat.01.03.2017

Saksopplysningar:

Frå Støylen Service ligg det føre framlegg til reguleringsplan for etablering av byggeområde for fritidshus i Kalsnesstranda på Kvamsøya.

Planområdet omfattar eit areal på 8,2 da og viser etablering av 6 tomter for fritidshus med tilhøyrande veg,parkeringsplass ,grønstruktur mot sjøen og grøntareal/annan veggrunn mot fylkesvegen.

Området er gjeldande Kommuneplan utlagt til LNFB-for spreidd utbygging av bustader og LNFR-landbruks-natur og friluftsområde.

Etter søknad frå grunneigarane gav formannskapet den 17.1.2017 løyve til at det vert oppstarta arbeid med utarbeiding av reguleringsplan for etablering av byggeområde for fritidshus på gnr.60 bnr.2 i Kalsnesstranda.

Oppstartmøte med kommunen vart halde den 1.3.2017 ,med påfyljande kunngjering av planoppstart med annonse i Vestlandsnytt og brev til naboar og til ulike offentlege instansar.

Til kunngjeringa vart det motteke 5 merknader,jmf.vedlegg i planomtalen. Fylkeskommunen sette krav til arkeologisk registrering og NVE sett fram krav om nærare vurdering av skredfaren i området.Fylkesmannen,Statens Vegvesen og Kystverket kom med ulike mindre innspel som ein bad om vart teke med i det vidare planarbeidet.

Tiltakshavar har innhenta rapport frå Fylkeskonservator med arkeologisk registrering og frå skredfarerapport frå geolog .Desse er vedlagt i planomtalen saman med innspel frå dei andre instansane.Det er også utført enkel ROS-analyse i samsvar md sjekklister frå Fylkesmannen.

Plangebyr på kr.17.730 i samsvar med gjeldande regulativ vert sendt til tiltakshavar.Gebyret må vere betalt før planframlegget vert utlagt til offentleg ettersyn.

Vurdering og konklusjon:

Ved teknisk sektor har ein ikkje særlege merknader til saka, og rår ein til at planframlegg med føresegner vert godkjend og utlagt til offentleg ettersyn i samsvar med § 12-10 i Plan og bygningslova.

Larsnes, 04.01.2018

Asle Giske
rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef

